

Vil lære bort sjølvforsvar mot dataangrep

I slutten av november inviterer Juan Güelfo og Encrypto AS til kurs i Trådlaus sikkerheit på Quality Hotel Ulstein. Målet er å lære lokalbedriftene korleis dei kan forsvare seg mot eventuelle hackarar.

Mone Celin K. Skrede
mone.skrede@vikebladet.no

Kurset vil gå ut på å lære teknikkar for angrep på trådlause nettverk, slik at deltakarane kan lære å best mogleg forsvare bedriftene sine. Dette for å nå målet for kurset, nemleg å lære korleis ein hacker kan angripe eit bedriftsnettverk, og påfølgjande korleis ein kan forsvare seg mot dette.

Informasjonssikkerheit

Encrypto AS er ifølgje ei presse-



Juan J. Güelfo er dagleg leiar for selskapet Encrypto AS, og spesialist på IT-sikkerheit. Han og Encrypto AS skal lære lokalbedriftene i Ulstein korleis angrep kan vere det beste forsvaret

melding ei bedrift frå Sunnmøre som spesialiserer seg på informasjonssikkerheit, og handsamar

små og store bedrifter, både i privat og offentlig sektor.

– Kurslæraren har svært god kompetanse, lovar dagleg leiar i selskapet, Juan J. Güelfo, og legg til at kurset startar den 22. November, og varer over to dagar.

Må takast rette førehandsreglar

I pressemeldinga går det fram at praktiske og realistiske oppgaver vert vektlagt, og kursdeltakarane får prøve seg på kvarandre, i rolla som angripjar, forsvarar og brukar.

Dersom det ikkje vert tekne rette førehandsreglar, er det lett for såkalla hackarar å avlytte og misbruke nettverket til bedriftene, og i verste fall kunne ta full kontroll over det. Güelfo informerer vidare om at vanlege, fysiske sikkerheitsiltak vil vere utilstrekkelege i slike situasjonar. Dette, ettersom ein aktør med rett type utstyr kan fange opp viktig data sjølv frå fleire kilometers avstand.

Unikt kurs

Førebels har kurset fire påmelde av totalt seks ledige plassar.

– Kurset er unikt, og det er vanskeleg å finne slike på Sunnmøre, avsluttar Güelfo. Han vonar det vil vere lærerikt og at deltakarane vert nøgde med kurset.

Tomteprisen skal justerast automatisk årleg med vektning frå 1. januar 2012, etter konsumprisindeksen (KPI) med vedtaksdato som startdato.

Retting

■ Tysdag kom Vikebladet Vestposten i skade for å skrive at Harald Nordal er soknerådsleiar i Ulstein, det er feil. Sidan 1. november er det Mali Åm som har vore soknerådsleiar. Før henne var det Tor Wilhelm Havåg. Nordal er soknerådsmedlem. Avisa seier seg lei for feilen.

Onsdag 16. november

kjem lege Cesilie Scheel og Hege og utfører

Skleroterapi, Botox og Hyaluronsyreinjeksjon hos oss på Pernilles Clinique

Vi kan:

- redusere svetting i armløker
- fjerne spenningshovudverk
- utfylling av lepper
- fjerne årar og små åreknutar på legger og lår
- glatte ut rynker



PERNILLES CLINIQUE

Ulsteinvik - tlf. 70 01 34 00